



FERDIGSPOR: Dei som ikkje vil basa rundt i jomfrueleg snø, får no endå ein ferdig oppkjørt løypetrasé å velja blant i Gullingen og Mosvatn-området i Suldal. Om to veker er skiløypa ved Fjellbergskaret ferdig. Om eit par år vil løypa også bli lyssett.

Her kjem det ny lysløype

Ei 5 kilometer ny skiløype blir klar om 14 dagar i området ved Fjellbergskaret. Om eit par år blir det også lys langs løypa, lovar Jan Merland.

Heidi Hjorteland Wigestrang tekst
Tor Inge Jøssang foto

SULDAL: Jan Merland seier at løypa ikkje skal bli nokon konkurrent til den alt eksisterande lysløypa ved Mosvatnet.

– Meir eit supplement, tenkjer eg. Vår løype ligg i eit meir snø-sikkert område, slik at løypa kan nyttast når det er lite snø nede ved Mosvatnet. Denne løypa byr

også på noko meir kupert terreng, fortel han.

NYSNØ: Den første snøen har alt falle over løypearbeidarane - torsdag låg det 10 centimeter nysnø i området - men Jan Merland reknar ikkje med at eventuelle nye snøfall vil hindra ferdigstilling av løypa, sidan maskinen er ferdig med dei verste partia.

Arbeidet går ut på å planera terrenget slik at det går an å køyra tråkkemaskin i løypa. Kven som skal kjøra spor, er ennå ikkje avklart, men det kan bli kommunen eller Hjelmeland Bygg som står bak det store hyttefeltet i Fjellbergskaret.

TURLØYPE: Den nye skiløypa, som

blir turløype sommarstid, vil gå gjennom Fjellbergskaret via Nere Stemtjødna og gjennom Svartedalen og komma inn på stien til Natlandsnuten frå Hedlebrekk. Løypa går i sirkel, og det blir også laga til ein kortare runde innan den store løypa. Jan Merland veit enno ikkje kva prosjektet vil kosta. Kven som skal betala den framtidige lyssetjinga er heller ikkje avklart.

Kommunen var i alle høve positive til planane, fortel Jan Merland.

HEKTA SAMAN: Leif Bakka i Suldal idrettslag skigruppe er også glad for den nye løypa. Bakka fortel at partane på sikt har snakka om å slå saman eksisterande lysløype

med Fjellbergskar-løypa. Ein vil då få ei lang lysløype på rundt ei mil, noko idrettslaget er veldig positive til.

Hjelmeland Bygg er no i gong med byggeplan for del to av hyttefeltet. Her vil det bli plass til mellom 50 og 100 hytter.

I første del av feltet har firmaet seld 34 av vel 60 hytter.

Bergensere arrestert i Strand

STRAND: To karer fra Bergensområdet ble søndag arrestert av politiet i Strand. De kjørte i hver sin bil. Den ene ringte etter hjelp fra politiet da han tilsynelatende hadde gått seg vill i terrenget. Det er opprettet en sak om promillekjøring. I den ene bilen ble det funnet store muttere og andre gjenstander som trolig stammer fra kraftverket i Dalen, som eies av Scana og Lyse. Det ble også funnet noen store bilhøytalere. Politiet er usikre på om karene har vært inne i biler eller hytter ved Liarvatnet, eller andre steder i Ryfylke.

Møgedal mekaniske gjerder seg inn



BARRIKADE: Møgedal mekaniske verkstad på Sand har no sett opp høgt gjerde med piggtråd for å halda tjuvane borte frå butikkområdet. Som kjent har verksemda hatt fem grove innbrot på under eit år. Tre litauarar sit i varetekt i samband med tjuveria, men politiet er enno ikkje ferdige med etterforskinga.

Barnebok frå far og son

Tor Inge Jøssang tekst
Heidi Hjorteland Wigestrang foto

HJELMELAND/SULDAL: Den pensjonerte bussføraren Jarl og forfatteren Edmund Austigard lanserte i går barneboka «Jakta på Bjednekniven» i Suldal.

Det skjedde på dødsdagen til suldølen Rasmus Løland, Norges første barnebokforfatter.

– Kor lett er det å skrive roman for ein som har køyrt buss heile livet?

– Eg måtte jo prøve då eg fekk sjansen, svarer 67-åringen Jarl Austigard frå Årdal i Hjelmeland.

Sonen Edmund fekk i oppdrag å skriva ein biografi om forfatteren Rasmus Løland for barn. 45-åringen har tidlegare skrive Krinsereglane og Taxi for B.A. Beckstrøm. Han fann ut at det var naudsynt å ha med faren, som hadde introdusert Rasmus Løland for barneflokkene på tre.

– Eg køyrde ofte bussen til Sand. Der var det ventetid og eg gjekk på bokhandelen og rota i esker med gamle bøker. Bokhandlaren drog fram boka Bjednekniven og sa at den skal du lese for ungene, fortel Jarl.



SAND: Her kjøpte Jarl Austigard Bjednekniven, den første Rasmus Løland-boka som han les for sonen Edmund og dei to andre ungene. Nå har dei skrive ein oppfølgar.

Historia om Paal som fekk ein flott kniv i gåve, berre for å mista han ned i ei sprekk i ein stein, gjorde stor lukke og sidan kjøpte familien Austigard fleire bøker av Løland.

I staden for i skriva ein biografi valde duoen å skriva ei barnebok for 10–14 åringar på 155 sider. Det handlar om ei bestemor som fortel om Rasmus Løland og Bjednekniven til dei fire barnebarna, som blir inspirert til å finne kniven. Det fører til forviklingar. Dei to forfatarane blei samde

om historia på førehand og har stort sett skrive anna kvart kapittel. Til slutt sydde Edmund historia saman og pussa språket.

– Eg har til tider ei ordrik form, medan far har skrive kortfatta tekstar for Hjelmeland teaterlag der det er mykje meining i kvart ord. Me har hatt nytte av å møtast på halvvegen. På tittelen måtte eg gje meg. Der blei eg nedstemt av far og forlaget, fortel Edmund Austigard.

Boka kjem ut på Wigestrang forlag.

AkerBioMarine

Hold deg frisk i høst!

Superba Krill er en unik kombinasjon av naturlige **Omega-3 fosfolipider** og antioksidanter som hjelper deg til å holde deg frisk.

SEND NATURLIG TIL 1908
og motta 30 dagers forbruk for kun kr. 1,- inkl. forsendelse.



Info: www.superba.no
Kundeservice 815 56333. Abonnement uten bindingstid.
Pris 3 mnd forbruk 448,- + 39,50 for frakt.

-den nye generasjonen omega-3